

Vi vil Indremisjon

Sunnmøre Indremisjon er tufta på truande enkeltpersonar som er tent i brann for å dela evangeliet med naboar og sambygdingar. Nærmissjon i praksis er eit ynskje, og eit mål i seg sjølv.

Tekst: Ingrid Kvam Steinshamn
Foto: Privat

Vi vil her høre med ulike menneske i kretsen om kva dei tenker rundt fem spørsmål om kristen tru og engasjement i Norge.

Spørsmåla som vi lurar på er:

1. *Kva ser du som den største utfordringa for kristne i Norge i dag?*
2. *Kva moglegheiter har vi som kristne i Norge, og enda til på Sunnmøre?*
3. *Kva tenkjer du Sunnmøre Indremisjon kan gjere i møte med dette?*
4. *Kva brenn du for?*
5. *Kva betyr Jesus for deg?*



**ARVE FISKARSTRAND,
ULSTEINVIK**

Arve er rektor ved Møre barne- og ungdomsskule Herøy. Han er for tida i studiepermisjon, og brukar bl.a. tida si på å være talar på leir.

1. Avgudsdyrking i oss som er skjult for oss. Mark 10,25. Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålauga enn for ein rik å koma inn i Guds rike!
2. For Gud er alt mogleg. Den som lev dagleg med Gud vil utrette meir enn vi forstår.
3. Kalle og utfordre til eit sant og ekte Gudsliv: Dagleg forsaking for det gode, truskap og lydighet når Gud talar, og mat til og kvile i frelsa.
4. Å møte og rettleie menneske som står ved «vegkrysset» i livet. Matt 22,9.
5. Frelst og glad.



**TRINE MOLDNES HESTETUN,
ÅRSET**

Trine er til dagleg styrar i Tryggheim barnehage i Brattvåg. Ho brenn også for å nå dei unge på Ellingsøya med evangeliet om Jesus, og nyttar Årset Bedehus til å gjere nettopp det.

1. Største utfordringen til kristne i Norge i dag, er å klare å formidle om Jesus til andre. Alle er så opptatt og har det så godt i livet, at Jesus blir sett «på vent» til seinere. Kanskje det blir meir aktuelt ein annan dag, ei anna veke, eller eit anna år? Men først skal eg berre....
2. Vi kan formidle til alle at Jesus venter på dei, og det einaste som krevst er at ein trur på Jesus. Vi kristne må stå saman! Om vi er frå bedehus, kirke eller pinsemenigheten så må vi jobbe i lag. Vi kan lære av og med kvarandre. Vi har samme Gud og Far!
Vi må også våge å vere tydelege, samstundes som vi viser omsorg for medmenneske våre.

3. Viktig at Sunnmøre Indremisjon er tilstades der folk er. Viktig med sosiale medier som Facebook, Twitter og Instagram bl.a. Musikk kan også brukast for å formidle mykje, og kanskje kunne ein arrangere fleire konsertar, lovsangskveldar m.m.

4. Eg brenn for å formidle gjennom sang og musikk. Lovsang kan nå langt og formidle meir enn 1000 ord. Derfor er eg engasjert i barnekor og lovsangsteam på Ellingsøya. Eg er også styrar/dagleg leiar i NLM-barnehagen Tryggheim Brattvåg. Eg opplever det som spennande og givande å arbeide i og drive ein barnehage med utvida kristen formålsparagraf. Det gir arbeidet eit ekstra stort perspektiv og større mening.

5. Jesus er alltid der for meg. Han har gått vegen for meg, og det einaste eg treng er å tru! Og om eg feilar kan eg alltid starte på nytt. Eg er så takknemlig for det.



Hallvard Emblemvåg
Formann Sunnmøre
Indremisjon

Helsing frå formannen

Det er snart 20 år sidan sist eg var med i krinsstyret. Litt uventa er det å vere tilbake og ikkje minst utfordrande å hamne rett i formanns stolen. Men eg kjenner alt på gleden ved å få vere med også på dette plan igjen. Det er mitt og krinsstyret sit ynskje at alle som er med i ulike tenester hos oss i Sunnmøre indremisjon, skal kunne kjenne på denne gleden som tenesta for Guds rike gir.

Misjon handlar om menneske. Det handlar om at menneske, som har møtt og tatt imot Jesus, skal tene andre slik at fleire kan få evig liv med Han.

I haust har eg blitt merksam på alle som på ulik måte er med i desse felles institusjonane våre for å gjennomføre oppdraget, både tilsette og frivillige.

Det er ei stor oppgåve for krinsen å skaffe dei ca 60 personane som trengs for å få på plass alle styra. Kanskje er det ikkje vanskelegare no enn før, men vi har stadig fleire institusjonar som treng gode fungerande styra. Takk til deg som stiller deg til disposisjon for denne viktige tenesta i misjon.

Sunnmøre Indremisjon er eit nødvendig fellesskap for at vi skal kunne nå langt ut med vårt arbeid. Sunnmøre Indremisjon er den forlengte arma til våre små og store bedehusfellesskap. Leirstadane, skulane, radioen og forkynnarane bind oss saman og gir oss stor rekkevidde i misjonsarbeidet. Eg ynskjer å løfte fram dette fellesskapet så vi kan kjenne på gleden av å få vere med.

Eg trur at ei viktig oppgåve for oss framover vil vere å vurdere om vi har hindringar for vekst. Kva er det i røtene våre som er viktig å ta vare på og blankpusse for å nå nye menneske, og er der noko i tradisjonen vår som står der og hindrar framgang for Guds rike? Er det noko Gud har vist oss dei siste åra som gir retning for arbeidet framover?

Leiarskap må vere førebudd på å vurdere tenester og ta vanskelege avgjerder, endre arbeidsformer og kanskje legge ned virkegreiner

« Er det slik at ImF Sunnmøre vil kommunisere lettare enn Sunnmøre Indremisjon for den oppveksande slekt? »

I den seinare tid har vi lagt merke til at "ImF" blir meir nytta som merkevare på oss i indremisjon. Unge og nye i vår samanheng synest ha vanskar med å bruke Sunnmøre indremisjon som merkevare eller identitet. Betyr det at vi bør tenke litt nytt om vårt fellesskap? Er det slik at ImF Sunnmøre vil kommunisere lettare enn Sunnmøre Indremisjon for den oppveksande slekt?

Sjølv så ser eg det slik at ImF Sunnmøre og for eksempel ImF Emblem og ImF Godøy vil kommunisere lettare vårt fellesskap i møte med unge og nye mennesker i våre forsamlingar.

Men dette står ikkje i vegen for at vår eigentlige identitet, saman med alle kristne på tvers av kyrkjesamfunn og organisasjonar er knytt til Jesu kjærleik til oss.

Joh. 15, 9: *Som Far har elska meg, har eg elska dykk. Ver i min kjærleik!*

Vi spør tre leiararar på leir

1. Korleis opplevde du det å være leder på leir?



ANNE MERETE OLSØY HARAM

1. Jeg synes det var greit å være leder. Synes det er fint å være sammen med egne og andres barn. Det var hektisk, men det ga mye. Jeg har mange gode minner fra da jeg selv var på leir som barn, og jeg ønsker at barna skal få oppleve at det er kjekt å være på leir.



NILS ARNE MUNKVOLD

1. Jeg syntes det var en veldig positiv opplevelse. Å få passe på en så flott gjeng med unger og se hvor de trivdes og koste seg med leik, sang og det gode budskapet var virkelig flott. Det er noe jeg med glede gjør igjen, så ofte jeg har mulighet til.



KRISTOPHER GOKSØYR

1. Det var kjempekjekt på leir. Alle ungane var kjekke og hyggelige og det var mykje humor innblanda!

2. Kva oppgaver hadde du som leder på leir?

2. Jeg hadde ansvar for sporløp, lede møte og ansvar for å vekke ungene om morgenen. De våknet selv så jobben ble å få de som våknet tidlig til å være stille slik at de ikke vekket de andre. Ansvar for en gruppe når de jobbet med oppgaver. Ansvar for noen av barna og følge dem opp ved leggetid.

2. Mine oppgaver var å passe på at barna hadde det bra, sørge for at de kom seg dit de skulle til rett tid og at de kom seg til sengs etter hvert på kveldinga. Det siste var vel det som kunne ta lengst tid og til tider være det mest "krevende". Men når man har det så gøy så er det ikke alltid like lett å legge seg å sove, det husker jeg fra jeg var liten selv. Og det er og en av de viktigste jobbene man har som leder, for det er på kvelden savnet av mamma og pappa kan blusse opp til en diger skogbrann. Og som en skogbrann så kan det spre seg som ild i tørt gress. Så å ha en hånd å holde i eller en voksen å prate med kan være veldig viktig når man skal sove.

2. Eg skulle halde barna med selskap, vekke dei til rett tid og få dei i seng til rett tid. Og eg måtte vere et bra forbilde

3. Kva var det kjekkaste med leir?

3. Det er kjekt å se at ungene trives og at de får lære mer om Jesus. Jeg hadde med to av barna våre på leiren. Jentene våre har fått med seg flere i klassen på leir. På adventsleiren i november skal nesten alle jentene i klassa til den ene dattera vår være med. Det var bare ei som ikke hadde anledning til å være med på den leiren. Hun var med på den forrige leiren vi var på.

3. Det kjekkeste er som sagt å spre glede og et godt budskap til barna. Og å se hvor kjekt de har det. Jeg anbefaler alle som har muligheten til å prøve det. Du trenger ikke nødvendigvis å være en frontfigur på scenen eller lignende. Vi trenger like mange snille og stødige voksne till å hjelpe barna i bakgrunnen, og det er like viktig det.

3. Det må vere avslutningssermonien på OL (Orrenesleikane) i slutten av september. Da overraska eg og 2 ledere deltakerane med å hoppe i vatnet med OL flammen for å slukke den!

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjoen

Redaktør: Karl Arne Austnes
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.002.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre Ungd.skule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS

Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sentrum

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no

Fermate Sunnmøre



F.v. Iris V. Clausen og Anne Line D. Jerstad

Fermate vil bidra til å styrke nære relasjoner

Tekst og foto: Olaug Lillian Bjørke

Samtalesenteret Fermate Sunnmøre har i løpet av de første tre årene hatt flere hundre samtaler med enkeltpersoner og par, fra Molde i nord til Herøy og Volda i sør. Temaene handler ofte om utfordringer og sår i nære relasjoner som ektefelle, barn, familie og venner. Andre strever i forhold til egen helse, jobb og tanker rundt tro og tvil.

NÅR RELASJONENE TAR FRA OSS FRIMODIGHETEN

Unge og eldre, kvinner og menn, utenlandske mennesker og personer som ikke har noen kristen identitet eller tilknytning oppsøker Fermate.

- Mange strever i forholdet til sine nærmeste, eller opplever tap av helse, arbeid og fellesskap. Vår kompetanse er å lytte, møte folk der de er og følge dem på veien når de bearbeider egen livsbagsje. Vi kan gi verktøy for å kommunisere bedre med dine nærmeste, bistå med å sortere og rydde i forhold til skyld, skam, tilgivelse og forsoning.

Vårt ønske er å gi mennesker håp og ny mestring og finne en veg ut i frihet.

- Vår drøm er å være et ressursenter for hele Sunnmøre og vi er takknemlige til våre eiere Sunnmøre Indremisjon og Normisjon som satser videre på Fermate Sunnmøre. Vi trenger forbønn og gjerne flere støttespillere, forteller daglig leder Anne Line Dahl Jerstad.

NYE TYPER AVTALER

Etter den toårige prosjektperioden var over, har frikirkene på Sunnmøre som en enhet avsluttet sitt eierskap i 2014. Men flere av frikirkene ønsker å erstatte eierskap med en langsiktig partneravtale der de støtter Fermate med et årlig beløp, mot å få rabatt på samtaler og kurs fra Fermate. De samme rabattene vil også eierorganisasjonene få fra 2015.

- På Holmely retreatsenter i Nordfjord, holder Fermate årlig to Ta Vare på deg selv og andre kurs, høst og vår. I tillegg opplever vi at flere kristne organisasjoner og menigheter, ønsker at vi kan følge opp deres ansatte og frivillige medarbeidere med arbeidsveiledning eller sjelesorg. Dette håper vi kan øke med tiden.

De to første årene holdt Fermate mange kurs og seminar, men i år har vi vært nødt til å trappe litt ned på kursaktiviteten. Fra 2015 kan kursaktiviteten økes igjen og vi vil gjerne bistå forsamlinger med Ta vare på deg selv og andre kurs, seminar om tilgivelse og forsoning, ekteskapskurs og foreldreveiledningskurs rettet mot foreldre i barnehager og skoler. Samt kurs om hvordan forsamlinger kan forebygge seksuelle overgrep. Ta kontakt med Fermate for mer informasjon.

Storsamling

for Sunnmørskirka og Sunnmøre Indremisjon.



**Borgund
Folkehøgskule**
søndag 7. desember
kl 12.00



Velkommen til inspirerende samling frå heile Sunnmøre

Mathias & Pernille
BarneGospelFestival
24.-25.januar 2015
Brusdalsheimen

Vikakroken i Spjelkavik
28. - 29. november
til inntekt for Brusdalsheimen
Fredag: 16.00-19.00
17.30: Godøy brass **JULEGRANTENNING**
Lørdag: 12.00-16.00
13.00: Sing-it fra Ellingsøy

JULEMARKED

Kortreist mat:
Julekaker, lefser, gjærbakst, syltetøy, saft, syltaflesk, søst, sild.
Juledekorasjoner, handarbeid m.m.m.
Tombola og kafeteria

(Ruskever: Spjelkavik bedehus)

KRINSNYTT

Ny krinsleing

Krinsleiar Karl Arne Austnes har sagt opp stillinga si frå 1. januar 2015. Krinsstyret er alt godt i gong med å få på plass ny krinsleing. Styrande for tilsettingsprosessen er det som ligg i strategiplanen vår om at krinsleinga skal vere på minst ei 100 % stilling. Det betyr at vi kan få større ressursar inn i leinga av krinsen, noko vi vonar lokalforeiningane vil sette pris på. Etter kvart som ting blir avklart

Ny dagleg leiar i Radio Sentrum

Noverande daglege leiar, Oddveig Molnes har for ei tid tilbake sagt ifrå til styret at ho ynskjer å gå over i pensjonistane sine rekker ved nyttår. Styret for radioen saman med krinsstyret har arbeidd med å få på plass ein ny dagleg leiar. Vi vonar at dette er i orden til 1. februar 2015. Radioarbeidet er i ei viktig omstillingstid med digitalisering og fleire plattformer for kommunikasjon. Det er viktig at vi som kristen organisasjon utnyttar dei mulighetene dette gir til evangelieformidling. Be for radioarbeidet og for ny leing.

Strategi for Møre Ålesund

Ei gruppe nedsett av styret har ei tid arbeidd med ny strategi for skulen. Gruppa la fram sluttrapporten på styremøte 27. oktober. Styret slutta seg til dei strategiske vala. Det betyr at det er opna for å søke om godkjenning av barneskule. Styret strekar under at det må lagast både pedagogiske- og økonomiske planar og at naudsynte skulebygningar må vere på plass før ein kan starte opp med barneskulen. Det er no viktig å kome i kontakt med foreldre som ynskjer ein kristen barneskule i Ålesund slik at vi får best mogleg oversikt over behovet.

VIRKE
GRAVFERD

begravelses **Byrået**
sunnmøre

DØGNVAKT: 70 17 86 60

GISKE SULA ÅLESUND www.bbsunnmøre.no